



Finansdepartementet

Dato

17.07.2017

Fråsegn – framlegg til nye reglar om eigedomsskatt på produksjonsrelaterte nett og kraftanlegg

Sogn regionråd viser til Finansdepartementet sitt høyringsbrev av 25. april 2017 med høyringsfrist 25. juli 2017. **Sogn regionråd** er samansett av kommunane Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal, Leikanger, Vik, Balestrand og Høyanger.

Departementet fremjar i sitt høyringsnotatet to framlegg: Det første er framlegget om endringar av grensesnittet mellom kraftliner og kraftanlegg. Det andre framlegget gjeld frådrag for utgifter ved fastsetjing av kraftverksformuen etter gjeldande rett. Begge framlegga til departementet betyr reduserte inntekter til kommunane som skattekreditor.

Når det gjeld framlegget om endringar av reglane for produksjonsrelaterte nett, viser departementet i høyringsnotatet til Høgsterett sin dom i SKS-saken (Rt-2015-1054), der Høgsterett fastslo at produksjonsliner er å anse som særskilde eigedomsskatteobjekt, og ikkje som del av kraftanlegget.

Sogn regionråd meiner grensesnittet ein i dag har mellom nett og produksjon er enkelt og fornuftig. Grensesnittet har vore slik sidan 1965, og SKS- dommen klargjorde denne rettstilstanden. I staden for å respektere avklaringa som følgjer av Høgsterett sin dom, gjer departementet no framlegg om ein ny og svært uklare regel som vil opne for nye tvistar og behov for nye avklaringar. **Sogn regionråd** meiner difor det vil vere uheldig om departementet sitt lovforslag blir vedtatt. Systembetragtningane som departementet viser til meiner **Sogn regionråd** kan bli ivaretatt på ein mykje enklare måte enn departementet sitt framlegg. Ein viser i den samanheng til fråsegn frå LVK, jfr. og underliggende tekst i kursiv.

LVK meiner at «I stedet for å endre definisjonen av begrepet «kraftanlegg» i skatteloven og dermed risikerer uforutsette virkning for alle bestemmelser som bruker begrepet «kraftanlegg» og de øvrige ulempene påpekt ovenfor, fremstår det som en vesentlig enklere og mer treffsikker løsning å regulere hvilke fradrag som kan gis i medhold av sktl. § 18-5 tredje og fjerde ledd slik at fradragene også blir uavhengig av om produsenten selv eier nettanlegget. Dette kan gjøres ved å fastslå at de produsentene som selv eier de produksjonsrelaterte nettene gis anledning til å fastsette en inntektsramme for sine produksjonsrelaterte nett og basere fradragene i sktl. § 18-5 tredje ledd på inntektsrammen i stedet for reelle kostnader.

Sogn regionråd meiner at dersom ein slik regel vert vedtatt, vil kraftanlegg og nettanlegg bli eigedomsskattleggast på same måte uavhengig av eigar. Løysinga vil vere i samsvar med objektivitetsprinsippet i eigedomsskatten, og vil etter **Sogn regionråd** sitt syn ikkje skape dei utfordringane departementet sitt framlegg medfører i forhold til tolkingar.

Departementet gjer og framlegg om å endre regelen om frådrag for framtidige utskiftingskostnader for driftsmidlar i kraftanlegg, jf. skatteloven (sktl.) § 18-5 fjerde ledd. **Sogn regionråd** støttar at det er trong for ein gjennomgang av kva driftsmidlar som gir rett på frådrag

for framtidige utskiftingskostnader. **Sogn regionråd** er derimot ikkje einig med departementet i den reguleringa som vert føreslege.

Sogn regionråd meiner departementet sitt forslag vil føre til at vi får ein svært uklar og skjønnsmessig regel, der ein i praksis gjev kraftselskapa sjølv ansvaret å definere kva driftsmidlar som er ein del av kraftproduksjonen. **Sogn regionråd** meiner at dette vil vere svært uheldig og lite tillitsvekkande.

Sogn regionråd meiner difor at departementet i staden må sette ned eit utval, eller ei arbeidsgruppe, med personer både frå bransjen og kommunesektoren for ein gjennomgang av kva driftsmidlar ein skal kunne krevje frådrag for.

Grunnrenteskatt

Departementet hevdar i høyringsnotatet at grunnrenteskatt og eigedomsskatt bør ha like reglar utifrå eit systemsynspunkt.

Sogn regionråd er ikkje einig i at verdsetjingsreglane for grunnrenteskatt og eigedomsskatt må bygge på same grunnlag. Skatteordningane har ulike formål. Grunnrenteskatten er ikkje ein objektskatt, der den enkelte eigedom er gjenstand for skatt. I eigedomsskattesamanheng er det kraftanlegget sin verdi i seg sjølv som er avgjerande, der ein ser vekk i frå den konkrete eigaren si drift eller verksemd. Eigedomsskatt skil seg med dette frå alminneleg inntekts- og formuesskatt, herunder grunnrenteskatt, der det er bedrifta, selskapet eller verksemdsområdet som vert skattlagt. Det er følgjeleg heilt saklege grunnar for at skatten til dels vert rekna på ulikt grunnlag.

Heller ikkje omsynet til reduksjonar i administrative kostnader meiner **Sogn regionråd** støttar departementet sitt framlegg. Dei nye reglane som departementet har føreslege betyr og ulikheiter mellom eigedomsskatt og grunnrenteskatt som medfører at det må førast eigne register for eigedomsskatt. Frådraga i eigedomsskatten vil, i samsvar med departementet sitt framlegg, vere slik **Sogn regionråd** ser det avhengig av kva kommune kraftanlegget og driftsmidlet er i, medan grunnrenteskatten vert utrekna uavhengig av denne typen geografiske omsyn. **Sogn regionråd** deler med andre ord ikkje departementet si oppfatning av at regelen vil bety administrative reduksjonar.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift